
Saksnr: 2020/858-7
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om status i høve arbeidet med personvernlov

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg og munnleg orientering om status i høve arbeidet med personvernlov i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2020. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020
3. Det er ønskjeleg at det nye personvernombodet og den nye personvernrådgvaren deltar i den munnlege orienteringa.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal verta oppdatert på status i arbeidet med innføring av ny personvernlov (GDPR) i Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status til Kontrollutvalget november 2019 ny personvernlov
- 2 Status rekruttering av nytt personvernombod
- 3 Status for arbeidet med personvern

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR) er vedteken og vart gjeldande for Noreg frå 20. juli 2018. Dette medfører ei rekke endringar i norsk personvernlovgiving. All handsaming av personopplysningar skal gjennomførast i tråd med dei nye lovreglene. Arbeid med å tilrettelegge for å sikre oppfølging av regelverket vil difor vera ei viktig oppgåve for kommunane i tida framover.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune fekk orientering om status for dette arbeidet i møte 05.02.18 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 27.02.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 12.03.2018 for å orientere munnleg om saka.*

Dei 7 spørsmåla det vert vist til i punkt 1 i vedtaket lyd slik:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

Fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune har orienterte i kontrollutvalet om status på dette arbeidet i møta 12.03.2018, 24.09.2018, 06.05.2019 og 25.11.2019. I det siste møtet vart det gjort slikt vedtak i sak PS 99/19:

1. *Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune snarast råd gjer ei avklaring på kven som skal verta nytt personvernombod. I denne situasjonen bør det også vurderast om det kan vera føremålstenleg å skilje denne rollen frå personvernrådgyverrollen for Vestland fylkeskommune. Det er ønskjeleg med skriftleg orientering om dette til møte i kontrollutvalet 12.02.2020.*
2. *Det vert oppmoda om at skriftleg orientering i høve punkt 1 vert å sende sekretariatet innan 27.01.2020.*
3. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmoder om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune kjem med ny skriftleg og munnleg status i høve tilpassinga til ny personvernlov til siste møte i første halvår 2020 i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.*
4. *Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.05.2020.*

På bakgrunn av punkt 1 og 2 handsama kontrollutvalet informasjon om status i høve personvernombod og personvernrådgyver (vedlegg2) i møtet 12.02.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ber om at det nye personvernombodet og den nye personvernrådgyveren deltar når fylkesrådmannen skal gje ny munnleg orientering om status i arbeidet med innføring av ny personvernlov (GDPR) i møte i kontrollutvalet 08.06.2020.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har avgjersmynde i denne saka, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til møtet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25.11.2019 fekk utvalet skriftleg informasjon frå personvernombodet om status i arbeidet med ny personvernlov, jf. vedlegg 1.

Av denne informasjonen går det m.a. fram dette i punkt 6 Avsluttande kommentarar:

«Ved førre statusmelding til Kontrollutvalet ble det nemnd at det var ønskeleg å få på plass eit verkøy / datasystem for å handtere mellom anna behandlingsprotokollar, personvernerklæringar innsyn, risiko med meir. I samband med at fylkeskommunane skal fusjonerast er det vurdert å sette denne prosessen på vent slik at behovet for dette kan bli vurdert i lys av ein ny verksemd frå 1. januar 2020. Dette er framleis gjeldande oppfatning, men slik at dette behovet blir vurdert frå neste år.

Når det gjeld tannhelseforskning så er det inngått ein avtale med NSD (Norsk senter for forskingsdata). Formålet med avtalen er at NSD skal bistå fylkeskommunen med å sikre og påvise at behandling av personopplysningar til forskingsformål skjer i samsvar med personvernforordningen, personopplysningsloven og helselovene (personvernregelverket). I samband med denne avtalen er det inngått ein databehandlaravtale mellom partane samt utarbeidd rutinar internt for å avklare rollar og ansvar i verksemda. På sikt vil det vere naturleg at fylkeskommunen tek denne oppgåva tilbake til eiga verksemd, men det er tenleg med ein slik avtale no slik at forskingsprosjekta vert sikra framover.

Saman med It avdelinga og ekstern konsulent er det ut året prioritert å få på plass policy og rutinar for informasjonssikkerhet og personvern for Vestland fylkeskommune. Vidare er arbeid med behandlingsprotokollar eit prioritert område.

Elev- og pasientdata er særskilt kritiske verdiar for fylkeskommunen, og det må såleis også prioriterast å gjere risiko og personvernkonsekvensvurderingar for våre systemløyser i denne samanheng. Dette er eit krevjande arbeid som må tas ansvar for inn i Vestland fylkeskommune.

Det meldast jevnleg inn sikkerheitsbrot til Datatilsynet. Datatilsynet si tilbakemelding på desse har så langt vore at ein legg verksemdas forklaring på sikkerheitsbrotet til grunn, men slik at dei blir handtert slik som aktuelle tiltak har vore forklart i kvart tilfelle ovanfor tilsynet.

Tilsvarande må ny fylkeskommune ta ansvar for at:

- *Rollar og ansvar vert definert og dei som har ansvar må forstå kva ansvaret inneber.*
- *Målsetting for personvern i verksemda vert forankra i toppleiinga og tydeleggjort og etterlevast i ansvarslinja og verksemda elles.*
- *Policy og rutinar vert implementert i verksemda og vere ein del av eit internkontrollsystem.*
- *Det er tydeleggjort kva som er våre informasjonsverdiar og at desse klassifiserast i henhald til konfidensialitet, integritet og tilgjengelighet.*
- *Når verksemda skal sikre riktig prioritering og etterleving av lovpålagte krav leggast risiko- og personvernkonsekvensvurderingar til grunn for avgjersler.*
- *Det ligg føre rutinar for forsvarleg tilgangsstyring til våre informasjonsverdiar og system.*

Det er framleis ein omfattande jobb å gjere for å etterleve lovpålagte plikter etter personvernlovgjevinga.»

Som det går fram av vedtaket frå møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25.11.19 og frå møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 12.02.2020 er det status på arbeidet med ny personvernlov og status på tilsetting av nytt personvernombod og personvernrådsgjevar som er aktuelt å handsame i dette møtet.

Sekretariatet har motteke vedlagte skriftlige svar i tråd med vedtak frå 25.11.19 og 12.02.2020 over, jf. vedlegg 3. Av tilbakemeldinga går det m.a. fram at det nyleg er tilsett ein jurist som skal

fylle rolla som personvernombod, Vedkomande skal starte i stillinga i august 2020 og fram til då vert personvernfunksjonen ivareteke av jurist frå opplærings- og kompetanse avdelinga. Når det gjeld personvernrådgjever er det nyleg utlyst ein 100 % stilling som skal ivareta denne funksjonen. Annan person i fylkesadministrasjonen ivaretar denne funksjonen fram til ny person er på plass.

Elles går det fram av tilbakemeldinga at det er i gang ei rekke aktivitetar på området. Fylkesrådmannen skriv i sin avsluttande kommentar m.a. dette:

«Personvern og informasjonstryggleik i ei så stor verksemd som Vestland fylkeskommune er eit krevjande og kontinuerleg arbeid, ikkje minst fordi den teknologiske utviklinga går svært raskt. Fylkesrådmannen er difor nøgd med at kontrollutvalet legg opp til å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innan dette området i løpet av året.»

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i den munnlege orienteringa frå fylkesrådmannen i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg og munnleg orientering om status på området i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2020. Det vert vidare tilrådd at det nye personvernombodet og den nye personvernrådgjeveren deltar i den munnlege orienteringa.